

JORAMO BYGDEALMENNING

ÅRSMELDING 2008

ADMINISTRASJON

Styre før ålmenningssvalet 17. april:

<i>Endre Amundgård – leiar</i>	(2004 – 2008)
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	(2006 – 2010)
<i>Jørn M Joramo</i>	(2004 – 2008)
<i>Reidar Brækken</i>	(2004 – 2008)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2006 – 2010)
<i>Tor Ivar Hovhaugholen</i>	(2006 – 2010)

Styre etter ålmenningssvalet 17. april:

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	(2006 – 2010)
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	(2006 – 2010)
<i>Eva Marit Nordlie</i>	(2006 – 2010)
<i>Jørn Martin Joramo</i>	(2008 – 2012)
<i>Egil Killi</i>	(2008 – 2012)
<i>Øivind Groven</i>	(2008 – 2012)

Varamedlemer 2006 – 2010:

- 1. Odd Kronberget*
- 2. Pål Terje Haakenstad*
- 3. Tor Bøe*

Varamedlemer 2008 -2012:

- 1. Rune Fossmo*
- 2. Nils Gråberg*
- 3. Morten Hovhaugholen*

Valkomite:

Jon Arnt Kullungstad
Bjørn Hage
Anne Elisabeth Sønstebø
Varamedlem: Jon Erik Amundgård

Dovre elgutval:

Tor Ivar Hovhaugholen

Jorkvitlan grunneigarlag:

Tor Ivar Hovhaugholen

Snøhetta villreinutvalg:

Bjørn Idar Selsjord (Dovre sin representant i utvalet (innvalt i 2004 då han var styremedlem i Joramo bygdealmening)).

Revisor:

Ola Jakob Myhre, Lillehammer

Styrehonorar:

Kveldsmøte:	kr	500
Dagmøte:	"	500
Leiargodtgjersle:	"	10.000

Kontor:

Narve Tveiten (60% stilling - ålmenningssstyrar)

Kari Lothe (10% stilling - kontormedarbeidar)

Det er halde 10 styremøte og 44 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joratunet 17. april med 6 styremedlemer og 6 andre bruksrettshavarar til stades.

SPESIELLE STYRESAKER I 2008

Treningsstudio ved Joramo Utmarkssenter

På nyåret 2008 vart det arbeidd vidare med ideen om treningsstudio i ledige kontorlokale på Utmarkssenteret. *Anne Mette Nyland Lusæter, Kim Berget og Kristin Sletten (Aktiv Otta)* deltok i ei lita arbeidsgruppe saman med styrar. *Roar Nilstad* rekna på kostnader med ombyggjing av kontor til treningsstudio. Overslaget kom ut på kr 55.000 inkl. mva. Utgangspunktet for Joramo bygdealmening er ei årleg husleige på kr 750 pr. m2 (inkl. strøm, reinhald, internett). Inkl. del av fellesareal (gang, garderobe/WC/dusj) ville husleiga for treningsstudioet bli ca kr 55.000 pr. år. På grunn av usikker økonomi og planer om liknande tilbod i planlagte idrettshallar på Lesja og Dombås, valte gruppa å avslutte arbeidet. I tillegg til dette vart det teke initiativ til å prøve å få attende ordninga med felles skogbrukssjef for Lesja og Dovre plassert på Joramo Utmarkssenter.

Felles skogbrukssjef for Lesja og Dovre

Ålmenninga inviterte i januar Dovreskogen bygdealmening, skogeigarlaga, skogbrukssjefar og skogbruksleiar til å drøfte spørsmålet om felles skogbrukssjef for Lesja og Dovre. Det var stemning for å arbeide vidare med dette. I februar vart leiarane i forvaltningsstyret i Lesja kommune og PNU-styret i Dovre kommune inviterte til møte. Dei to styreleiarane var positive til å få attende ordninga med felles skogbrukssjef, og ville ta opp spørsmålet i sine respektive styre. Det viste seg etterkvart at styra var negative til ei slik ordning, og saka er lagt til sides.

Samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre

Etter to møte før jul i 2007 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle arbeide vidare med samarbeid om bioenergi i Lesja og Dovre. Gruppa hadde møte tidleg i januar. *Ivar Michal Ulekleiv (Dovre skogeigarlag)* vart valt til leiar i gruppa. På møtet vart ein samde om at det burde skipast eit biovarmeselskap for Lesja og Dovre, og søkje om støtte til aktuelle prosjekt. Det vart likevel til at søknad om støtte til prosjekt vart sendt Innovasjon Norge, utan at ein gjekk vegen om skiping av selskap. Søknaden vart innvilga med eit tilskot på inntil kr 82.500, dvs 50% av godkjente kostnader. Formelt er det Joramo bygdealmening som står som støtttemottakar. Prosjektet må vera slutført innan 01.08.2009.

Prosjekt Jora Næringsområde

Joramo bygdealmemming er saman med Jora Industribygg AS, Jora Næringspark AS og Snøhetta Næringspark med på eit prosjekt der hovudmålet er å vidareutvikle industri- og næringsområda på Joramo / Dombås til ein framtidssretta –og innoverande arena for eksisterande bedrifter og ”*mulighetens arena*” for nye bedrifter, gründerar m.m., som vil satse i vår region.

I fase 1 skal det kartleggjast status for dei aktørane/bedriftene som er etablert, for å få fram eigne/nye satsingsområde, behov og få på plass ein strategiplan. I fase 2 skal ein gå vidare med strategiplanen/forretningskonseptet og fastleggje/utprøve ein marknadsplan. Fase 1 vart unnagjort i 2008, fase 2 startar på nyåret 2009. Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 480.000. Joramo bygdealmemming skal dekkje kr 20.000.

For ålmenninga står Utmarkssenteret sentralt. Gjennom prosjektet håpar ein det kan la seg gjera å vidareutvikle kontorsenteret og få fylt opp ledige kontor.

Retningsliner for bruksrettsytingar og tilskot

Etter bruksreglane skal det utarbeidast detaljerte reglar om bruksrettsytingar på materialar. Ålmenninga har berre hatt eit regelverk på kva slag materialar det kan gjevast bruksrettsyting på, og ingen reglar for kva slag tiltak som kvalifiserar for ytingar.

Lov om bygdeålmenningar trekkjer opp generelle vilkår for vyrkesrett. Norsk Almenningsforbund har laga retningsliner for utøving av bruksrett. Det er desse retningslinene og retningsliner ålmenningane på Ringsaker, Hadeland, Romedal og Stange har utarbeidd, som styret har brukt som mal for vårt regelverk. Med dei nye reglane får ein nokolunde lik praksis som i andre ålmenningar, og ein skapar ”forutsigbarhet” for bruksrettshavarane.

Nytt i regelverket er skilje mellom bruksrettsyting og tilskot. Bruksrettsyting er det bruksrettshavar har krav på etter lova. Tilskot kan gjevast til føremål det ikkje er dekning for etter lova. Det er den økonomiske evna til ålmenninga som avgjer om det kan gjevast tilskot utover ytingane ein er forplikta til etter lova – og kor stort tilskotet skal vera. På den måten gjev ein bruksrettsytingar der lova åpnar for det, og tilskot der føremålet er godt og rett i høve til utviklinga i jorbruket, men der ein ikkje finn dekning i lovverket.

Grustak i Mysusmørbakken

Jan Haugen AS har søkt om uttak av grus i Mysusmørbakken. Styret stiller seg positive til søknaden, og har innleia tingingar med firmaet om avtale. Det må utarbeidast reguleringsplan for området, og leigetakar vil ta på seg å få dette gjort og bera kostnadane med utarbeiding av plan. Styret har sett ein pris på kr 10 pr. fastm³ utteke masse.

Ulovleg masseuttak på Industriområdet

Hausten 2007 vart det teke ut masse på Industriområdet ovanfor tomta til Oss Sitt AS (Svein Opstad). Massa vart brukt på Kvalsvik-tomta. Dette skjedde utan at ålmenninga som grunneigar var spurt, og utan naudsynt godkjenning i kommunen. Ålmenninga sendte krav på utteke masse til Jora Industribygg AS (JI) som leigar av industriområdet. Kravet vart avvist. Ålmenninga opprettheld kravet, men JI avviste det på nytt. Saka vart så sendt over til advokat, som gav JI ein frist på to veker med å gjera opp for seg, elles ville saka ende i retten. Kravet vart no innfridd. I tillegg måtte JI dekkje våre utlegg til advokathjelp.

Samarbeidstiltak ved Jora jernbanebru

Etter initiativ frå Joramo bygdealmenning har Dovre kommune saman med Jernbaneverket og Joramo bygdealmenning, arbeidd med tilretteleggjingstiltak for å vise fram *steinkvelvbrua på Raumabanen over Jora*. Undervegs i prosessen har Lesja kommune sagt seg viljug til å delta i prosjektet. Prosessen hadde stoppa opp p.g.a usemje om ansvar, arbeidsdeling og framtidige driftsutgifter m.m. Prosjektet er no godt i gang att. Det er avklara med alle deltakande partar at ein deler på kostnaden til tiltaket ut frå budsjetta som har vore framlagt i prosjektperioden fram til no.

Hovudmålet er å få sett opp *eit historisk informasjonspunkt for Jora bru*. Ålmenninga har i løpet av året gjort sin del av tiltaket med oppfylling og planering av areal inntil brue(før ein passerar undergangen). Her vil det bli parkeringsplass og 2-3 sittegrupper for besøkande. Brue skal lyssetjast for at ein på kveldstid / vinterhalvåret skal kunne ta det praktfulle byggverket i augesyn. Det skal skiltast frå E136 og Statens Vegvesen er kontakta for å få sett opp naudsynte skilt fra hovudvegen. Alle deltakande partar er inneforstått med at etablering av eit slikt informasjonspunkt krev vedlikehald og ettersyn. Ålmenninga vil få ansvaret for å halde vedlike plassen og saman med Jernbaneverket halde nede vegetasjon. Kommunane vil ta seg av søppel, strømutgifter, vedlikehald av skilttavle og ljosanlegg.

BRUKSRETT

Pr. 31.12.2008 var det 112 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmenning, i alt 160 bruk. Dette er som året før.

Det er innvilga kr 15.569 i *bruksrettsfordel*. Retningslinjer for bruksrettsytingar og tilskot er gjort gjeldande frå 16.01.2008. Det er utbetalt kr 55.200 i *bruksrettsytingar* og kr 50.724 i *tilskot* til bruksrettshavarar. Totale utbetalingar til bruksrettshavarar: kr 121.493.

Det er *utvist ved* i form av hogst på rot til 26 bruksrettshavarar. 3 bruksrettshavarar har fått utvist massevyrkje.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

1803 (1819) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 67 (73) søyer og 148 (164) lam gjekk tapt. Det store tapet av søyer skuldast bjørn og påkjørsel av tog.

I tillegg har 193 (201) storfe og 8 (8) geiter beita i ålmenninga. Tap 1 storfe og 1 geit.

SKOGENS DRIFT

Skogkultur

Det er *planta* 1000 granplanter på Tiurhaugen pga av stor avgang etter tidlegare planting.

Det er *avstandsregulert og rydda* 114 da, eitt bestand på Stålan og ungskogbestandet nedanfor Krosshovda etter skogbrann i 1975. Skogkulturarbeidet er utført av skogsarbeidar Olav Brendjord (Mjøsen Skog).

Skogsdrifter sesongen 2007/-08.

1. Maskinell tynningshogst i flere bestand i området Grønbogvegen – Gardsendvegen – Stålan utført av Mjøsen Skog ved Garmo Tynningsdrift (Ottar og Ivar Garmo):

Inntekter				
Sortiment	Volum m3	%	Verdi:	Snittpris:
Massevyrke gran tynning	356,43	66	106 216	298,00
Massevyrke furu tynning	175,93	32	51 020	290,00
Bjørk	10,00	2	3 000	300,00
Vrak	2,61	0	0	0,00
Brutto totalt	544,47	100	<u>160 236</u>	<u>294,92</u>
Utgifter:				
Driftsutgifter	542,36		114 981	212,00
Måleutgifter	520,47		1 587	3,05
Avvirkningsavgift	0,00		2804	0,00
FOU-avgift	542,36		543	1,00
Sum utgifter			<u>119 915</u>	<u>220,04</u>
RÅNETTO			<u>40 321</u>	<u>73,99</u>

På grunn av at Mjøsen ikkje greidde å skaffe hogstmaskin sist vinter, er det ikkje utført slutthogst dette året.

Det er selt 17 m3 massevyrke som ikkje er innmålt gjennom tømmermålinga. I alt er det selt 561 m3 tømmer. Elles er det teke ut 85 m3 bruksrettved som hogst på rot. Balansekvantum på etter skogbruksplanen er 1280 m3.

JAKT

Elg- og hjortjakt

Fjellfeltet:

Lag: *Rolf Bergseth*
Kvote elg: 1 eldre ukse og 2 kalv/ungdyr.
Kvote hjort: 1 kalv/ungdyr
Felling elg: 1 ukse (174 kg – 4 takkar), 1 kolle (174 kg – tilleggsgavgift) og 1 ungdyr (ukse – 105 kg).

Skogfeltet:

Lag: *Runar Rise*
Kvote elg: 1 yngre ukse og 1 kalv/ungdyr.
Kvote hjort: 1 eldre dyr
Felling elg: 1 ungdyr (ukse – 111 kg) og 1 ukse (169 kg – 4 takkar)
Tilleggsdyr: 1 ungdyr (ukse - 123 kg)
Felling hjort: 1 hind (68 kg)

Spesiell hjortjakt

Laget til *Bjørn Svendsgard* jakta hjort i perioden 01.11 - 15.11. da kalv/ungdyr ikkje var felt pr. 31.10. Ingen dyr vart felt under denne jakta.

Småviltjakt

Oversyn over kortsal:

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund (rupe+hare)	700/350/(100)	17+11	7	6
Sesongkort utan hund	600/300/(100)	7	1	
3-dagars kort med hund	350/-----/-----	5		
3-dagars kort utan hund	250/-----/-----	1		
Snurrufangst	250/250/(100)		1	

Resultat etter leverte fangstoppgaver (tal for 2007 i parentes):

Hare: 8 (8) stk. på 81 (46) jakt dagar fordelt på 10 (9) jegerar.

Rupe: 144 (152) stk på 147 (168) jakt dagar fordelt på 36 (43) jegerar.

Bestandsvurdering frå jegerane: Middels god/god bestand av hare og middels god/god bestand av rupe.

Reinsjakt

Snøhetta:

Kvote: 2 frie dyr, 1 kluftebuk, 6 simle/ungdyr og 5 kalv.

Felling: 3 bukkar, 4 simler og 4 kalvar (fellingsprosent=79)

Rondane nord:

Kvote: 1 fritt dyr og 1 kalv.

Felling: 1 simle og 1 kalv (fellingsprosent=100)

Rådyrjakt

Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen): *Bjørn Svendsgard*

" " 2 (nord for Raumabanen): *Kjell Svendsen*

Individuell bukkejakt (sør for E136): *Tarjei Løkken*

Kvote: 5 dyr

Felling: 1 geit og 1 killing.

Rovdyrjakt

Det er ikkje registrert rovdyrjakt i sesongen 2007/-08.

KONTORUTLEIGE

Leigetakarar pr. 31.12.2008:

Mjøsen Skog: *Kim Berget* - skogbruksleiar

Lesja og Dovre Forsøksring: *Leif Martin Svisdal* - ringleiar

Q-meieriene: *Kari Austvik* - rådgjevar

Fire kontor står tomme står tomme etter at *Tore Amundgård* flytta ut frå sitt kontor 1. juni.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2008 syner eit underskot på kr 90.979. Hovudårsaken til det svake resultatet er:

- I sesongen 2007/-08 vart det ikkje utført slutthogst pga at Mjøsen ikkje klarte å skaffe hogstmaskin. Derimot hadde vi ei tynningsdrift om sommaren. I høve til eit normalår er resultatet av skogsdrifta i 2008 grovt rekna kr 150.000 svakare.
- Opprusting av Setervegen (ca kr 100.000)
- Underskot for kontorbygget (ca kr 35.000).

Det som dreg resultatet opp er fyrst og fremst:

- Erstatning for langdistanseskyting (netto kr 75.000).
- Erstatning for ulovleg grusuttak på industriområdet (kr 63.000).
- Utbetalte bruksrettsyttingar (inkl. ”bruksrettsfordel”) og tilskot til bruksrettshavarar for 2008 er kr 121.493. Gjennomsnitt for dei førre tre åra er kr 188.220.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.08 var inneståande beløp i bank og kasse kr 1.266.993. Det er ein nedgang på kr 132.316 i høve til året før.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 46.148 (ned kr 104.047).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 81.913 (ned kr 87.486)

Kortsiktige krav er kr 133.517 (opp kr 39.837)

Joramo Utmarksenter, 18. februar 2008

Tor Ivar Hovhaugholen
styreleiar

Birger Brækken
nestleiar

Jørn M. Joramo

Eva Nordlie

Øivind Groven

Rune Fossmo

Narve Tveiten
styrar